



Kommuneplan 2013 - 2024

PLANPROGRAM



Ein framtidvisjon for Norheimsund, v/Cubusgruppen.

VEDTATT AV HERADSSTYRET DEN 18.06.2013

INNHALDSLISTER

1.0 Bakgrunn for arbeidet med kommuneplanen	3
1.1 Føremål med planprogrammet	3
1.2 Føremål med kommuneplanen.....	4
1.3 Nasjonale og regionale rammer for kommuneplanarbeidet.....	4
1.4 Rammer og premissar i frå kommunen sin planstrategi	5
1.5 Kommuneplanen sin samfunnsdel.....	6
1.6 Kommuneplanen sin arealdel	7
2.0 Kommunen sine moglegheiter og utfordringar.....	8
2.1 Perspektiv for planarbeidet	8
2.2 Folketalsutvikling	8
2.3 Bustad	9
2.4 Kompetanse og utdanning.....	10
2.5 Nærings og arbeidsplassar.....	10
2.6 Folkehelse	12
2.7 Born og unge.....	12
2.8 Miljøutfordringar.....	13
2.9 Kommuneorganisasjonen Kvam - notid og framtid.....	13
3.0 Kommuneplanen sin arealdel	15
3.1 Konsekvensutgreiing	15
3.2 ROS-analyse	19
3.3 Innspel til kommuneplanen - krav til kvalitet	21
4.0 Felles planføresetnader - strategi for framtidig arealforvaltning.....	22
4.1 Kommunen sine planstrategiar for kommuneplanen sin arealdel	22
5.0 Organisering	26
6.0 Framdrift	28
7.0 Trong til nye utgreiingar	30

1.0 BAKGRUNN FOR ARBEIDET MED KOMMUNEPLANEN


1.1 Føremål med planprogrammet

I medhald av plan- og bygningslova, jf §§ 3-3 og 11-1 skal kommunen legge til rette for utvikling og ei samordna oppgåveløysing igjennom forvaltning av areala og naturressursane i kommunen. Kommunen skal ha ein kommuneplan som omfattar ein samfunnssdel med handlingsplan og ein arealdel.

I fylgje plan- og bygningslova, jf §§ 4-1 og 11-3 skal det også utarbeidast planprogram for alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Planprogrammet skal gjera nærmare greie for føremålet med planarbeidet, ta for seg planprosessen med fristar og deltagarar, samt opplegg for medverknad, spesielt i høve til grupper som særleg vert berørt av planen.

Når det i planstrategien er gjort vedtak (jf heradsstyrevevdak 092/12) i heradsstyret om revisjon av både samfunnssdelen og arealdelen i kommuneplanen bør det utarbeidast eit samla planprogram. Planprogrammet skal vera styrande for arbeidet og innhaldet i heile kommuneplanen.



Figur 1: Kommuneplansprosessen. Frå Miljøverndepartementet sin rettleiar.

Forslag til planprogram vert sendt på høyring i minimum seks veker, samstundes med kunngjering om oppstart av kommuneplanen.

1.2 Føremål med kommuneplanen

Føremålet med kommuneplanen er å få til ein heilskapleg og strategisk plan som skal løysa kommunen sine framtidige utfordringar, i takt med den forventa samfunnsutviklinga dei komande åra. Kommuneplanen sin arealdelen er det strategiske verktøyet for å løysa utfordringane knytt opp i mot kommunen si arealforvaltning, og skal vera eit godt politisk verktøy for styring.


Føremålet er vidare å leggja til rette for ein kommune der det skal vera attraktivt å bu, arbeide og drive med rekreasjons- og fritidsaktivitetar for noverande og etterkomande generasjonar.

1.3 Nasjonale og regionale rammer for kommuneplanarbeidet

I tillegg til plan- og bygningslova, er det fleire viktige lover som påverkar innhaldet i kommuneplanen, folkehelselova 2011 (Lov om folkehelsearbeid), naturmangfaldslova (Lov om forvaltning av naturens mangfold 2009) og kulturminnelova (Lov om og kulturminnelova 1978). I arbeidet med kommuneplankartet er også Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister, ei viktig forskrift for presentasjon og forståing av kartet.

I medhald av plan- og bygningslova, skal staten kvart år utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar. Fylgjande tema er trekt fram av regjeringa;

- Klima- og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø



Figur 2: Samanhengen mellom nasjonale forventningar og kommunen sitt planarbeid

Hordaland fylkeskommune har i sin planstrategi for perioden 2012 – 2016 vald å satsa på følgjande tema.

- Kompetanse og arbeidskraft
- Landskap, grønstruktur, og regionalt viktige friluftsområde
- Regional plan for ferjefri E39 Aksdal-Bergen
- Utviklingsplan for indre Hordaland
- Klimaplanen - del-rullering med hovedvekt på energi og klimatilpassing
- Kystsoneplanen - rullering vert vurdert når Sunnhordlandsplanen er ferdig

Hordaland fylkeskommune arbeider i tillegg med regionale planar som kan ha verknad på planarbeidet i Kvam;

- Klimaplan for Hordaland
- Regional transportplan for Hordaland 2013 -2024
- Skulebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012 – 2025
- Regional næringsplan 2013 – 2017
- Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger
- Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland
- Regional kulturplan 2014- 2024
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland-senterstruktur, tenester og handel

1.4 Rammer og premissar i frå kommunen sin planstrategi

I medhald av ny plan- og bygningslov vedteken i 2008, gjorde heradsstyret den 6. september 2012 vedtak om at kommuneplanen sin samfunns- og arealdel skal reviderast. Noverande samfunnsdel vart vedtatt i heradsstyret den 17. juni 2003, medan arealdelen vart vedteken den 16. juni 2006.

Revisjonen av kommuneplanen sin arealdel, omhandlar heile kommunen, bortsett i frå Kvamskogen der det ikkje skal gjennomførast revisjon i denne omgang

Planstrategien har tatt for seg kva tema som skal vidareførast i arbeidet med kommuneplanen, andre tema er ikkje tatt med. Dette vil vera med å avgrense tema og ressursbruk, slik at revisjonen vert mogleg å gjennomføra, uten å bruke alt for lang tid (jf. framdriftsplan)

Planstrategien har også lagt til grunn at følgjande planarbeid (kommunedel/temaplan) skal prioriterast;

2013	2014
bustadplan	plan idrett og friluftsliv
plan for kompetanse og næringsutvikling	kulturminneplan
helse- og omsorgsplan	vassforsyningsplan

Kommunedelplanane som er omtalt i planstrategien, skal bygge på samfunnssdelen sine mål og strategiar. Kommunedelplanane gjev meir utdjupande føringer for kommunen sitt arbeid innafor for desse områda.

1.5 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Planprogrammet si hovedoppgåve er å tydeleggjere og avklara kva som skal handsamast i kommuneplanen. Det er også viktig å avklara kva tema kommunen skal konsentrere seg om i revisjonen av planen. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova ta for seg langsigte utfordringar, mellom anna innafor miljø, universell utforming, mål strategiar for heile kommunesamfunnet (kommunen som samfunnsutviklar) og kommunen som organisasjon (kommunen som tenesteleverandør). Uansett må ikkje planen verta for altomfattande. Ein god plan er ikkje avhengig av omfanget men av innhaldet. Det skal vera samsvar mellom mål og handling. Det er også viktig å sikra ein god samanheng i mellom samfunnssdelen og arealdelen, slik at kommunen si ynskte utvikling også kan realiserast igjennom tilgang på areal.

Viktige tema som vert ført vidare i frå føregåande samfunnsdel;

- Kvam som ein attraktiv kommune å bu og leva i
- Kvam som næringskommune
- Kvam som kulturkommune
- Kvam midt i Hordaland
 - Intern kommunikasjon skal vera med som tema under Kvam midt i Hordaland

- Kvam som fritidskommune
 - Kvamskogen skal vera med som tema under Kvam som fritidskommune
- Kvam som ein berekraftig kommune

I samfunnssdelen er nye viktige tema komme inn;

- folkehelse
- klima
- integrering
- kommuneorganisasjonen

1.6 Kommuneplanen sin arealdel

I planstrategien er det vist til at følgjande tema skal vera viktige for rulleringa av kommuneplanen sin arealdel;

- senterstruktur
- utnytting av LNF-område
- industri- og næringsareal
- funksjonell strandsone
- område for akvakultur
- gjennomgang av gamle reguleringsplanar
- ny veg til Tolomarka
- oppdatering av føresegner og retningsliner
- områdeplan for senterområde Norheimsund/Øystese.
- Hardangertunellen
- massedeponi

2.0 KOMMUNEN SINE MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR


2.1 Perspektiv for planarbeidet

Fire perspektiv for planarbeidet:

- Kva behov har dei som er busett i kommunen og kva behov har dei som ynskjer å flytte til hit?
- Korleis drive nyskaping og entreprenørskap for å skape det gode samfunnet i Kvam?
- Kva infrastruktur skal til for at me kan skape vekst og utvikling?
- Korleis vil Kvam herad påverka av det som skjer rundt oss, både på regionalt nivå, nasjonalt nivå og internasjonalt nivå?

Desse perspektiva skal trekkjast inn i alle tema og planar.

2.2 Folketalsutvikling



Figur 3: Folketalsutvikling i Kvam herad

Utviklinga av folketalet i Kvam er for tida positivt, pr 01.10.2012 er det 8 565 innbyggjarar i kommunen, ein vekst på 18 personar sidan 01.07.2012. Folketalsauken skuldast nokre år både fødselsoverskot og netto innflytting. I 2011 var det ein folketilvekst på 73, noko som skuldast

nettoinnflytting på 95 personar. I prognosane for dei neste 30 åra, ser det ut til å verta ein vekst på om lag 1000 personar fram til 2040. Mykje av den veksten skuldast tilflytting i frå utlandet.


UTFORDRING

Utfordringa til Kvam vil vera å få lagt til rette for barnefamiliar og ein stadig eldre befolkning. Det vil også vera ei utfordring å få på plass ei god integrering av utlendingar som vil utgjere ein viktig del av veksten dei neste tiåra om prognosane til SSB vert ein realitet.

2.3 Bustad

Bustadbygging og tilbod på bustad er ein viktig faktor for å legge tilrette for befolkningsvekst. Kommunen i lag med private må difor leggja opp til ein variert bustadmarknad, om det skal vera mogleg å imøtekomma den veksten som prognosane til SSB viser.

Førstegongsetablerarar må få tilgang på rimelege bustadar, og eldre og andre som ynskjer det, må ha tilgang på lettstelte og sentrumsnære bustadar.



Figur 4: Bustadbygging i Kvam i perioden 2000-2011

UTFORDRING

Utfordringane til Kvam ligg i å skapa ein bustadmarknad som gjer det mogleg for barnefamiliar/førstegongs-establerarar å komme inn på bustadmarknaden, samstundes som det vert lagt til rette for lettstelte og sentrumsnære bustadar for eldre og andre som treng det.

2.4 Kompetanse og utdanning

I Kvam er det fleire som fullfører vidaregåande skule enn det som er vanleg elles i landet. Det er også slik at det er færre personar som har grunnskule som høgaste utdanning, samanlikna med landet elles.

Når det gjeld andelen med dei som har utdanningsnivå på universitets- og høgskulenivå, så viser kommuneprofilen at snittet er lågare enn landsgjennomsnittet og lågare enn snittet i Hordaland.

UTFORDRING

Å oppretthalda det gode tilbodet som er i kommunen innafor vidaregåande skule, slik at færrest mogleg må flytta i frå kommunen før vidaregåande skule.

Å leggja til rette for å skapa kompetansearbeidsplassar, som gjer det attraktivt å auka andelen som har utdanning på universitets- og høgskulenivå.


2.5 Næring og arbeidsplassar

I Kvam var det i 2010 sysselsett 3 642 personar

- 10 % i primærnæringane
- 21 % prosent i sekundernæringane
- 39 % innafor tertiærnæringane

Om lag 30 % er tilsett i den offentlege forvaltninga (innan alle næringar).

Når det gjeld folk som pendlar er nettotapet til Bergen aukande, det same gjeld også til Nordsjøen, Stavangerområdet og øyane vest for Bergen. Pendlartapet til Voss har derimot snudd. Netto-utpendling vil truleg fortsetja. Erfaringar har vist at sjølv om fleire pendlar, og pendlinga aukar i avstand, så er ikkje folk villige til å bruke lengre tid på pendlinga. Det betyr at tilgjenge til attraktive arbeidsplassar er viktige for ein framtidig bu- og arbeidsmarknad for innbyggjarane i Kvam.



Figur 5: Pendlematrise for busette i Kvam herad

Kvam herad sin framtidige vekst vil vera sterkt påverka av kva som skjer rundt Bergen. Kvam herad må samstundes med veksten i Bergen, styrkja sine eigne sentra i området Norheimsund-Øystese, slik at det private og offentleg tenestilbod er av ein slik kvalitet og omfang, at det er interessant å busetja seg i kommunen. Senterstrukturen i kommunen må tydeleggjerast.

Kommunikasjonen og infrastrukturen mot Bergen må styrkast, for å ha ein god tilgang til ein utvida arbeidsmarknad.

UTFORDRING

Utfordringa til kommunen dei nærmaste åra vil vera å komma inn under og ta del i den veksten som føregår i og rundt Bergen. Moglegheitene ligg i betre tilgjenge til Bergensregionen. Samstundes må me byggje senter i vår eigen kommune, som er så robuste, at det er interessant å busetja seg her.

2.6 Folkehelse

Folkehelseinstituttet har laga profilar for folkehelsa i kommunane. Det vert peika på at dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men helsegevinsten har vore størst for personar med lang utdanning og høg inntekt, denne gruppa har lengre forventa levetid enn personar med lågare utdanning og inntekt.

Hovudtrekka i Kvam herad sin folkehelseprofil er at prosentdelen eldre over 80 år er høgare enn landsgjennomsnittet og at forventa levealder for menn også er høgare enn landsgjennomsnittet.

UTFORDRING

Kommunen si utfordring vert å få til "helse i alt vi gjer" som kommune og i befolkninga elles. I det vidare arbeid med folkehelse i kommunen er det naturleg å byggja vidare på desse oppsummeringane og sjå dei saman med kommunehelseprofilen som Folkehelseinstituttet offentleggjorde i januar 2012. Oppsummeringa vil også vera grunnlag for kva vi som kommune eventuelt skal velja ut som satsingsområde i kommunen og elles i regionen.

Kvam herad si utfordring vil vera å få til eit førebyggjande helsearbeid slik at færre under 45 år skal gå på uføretrygd.

2.7 Born og unge

Frå 2009 vart det innført lovfesta rett til barnehageplass. Retten til barnehageplass gjeld for barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass. Kommunen har oppfylt retten til barnehageplass ved å tilby ein plass innafor kommunegrensa, men tilbodet må vera reelt tilgjengeleg for søkjaren. I Kvam vert dette tolka som at føresette skal få tildelt plass i den sona dei hører til. På landsbasis gjekk vel 89 % av alle born i alderen 1-5 år i barnehage i 2010. I Kvam var andelen 88,9%.

UTFORDRING

Å få på plass barnehagar med høg kvalitet for både dei tilsette og borna, der nye barnehagar skal erstatte gamle bygg.

2.8 Miljøutfordringar

FN sitt klimapanel reknar det som meir enn 90 % sannsynleg at klimaendringane i dei siste 50 åra skuldast menneskeskapte utslepp av klimagassar. Det kan mellom anna føre til at våte område vert enno våtare, medan tørre strok vert enno tørrare. Det vil komma meir ekstremvær og havnivåstigning som fylgje av temperaturauken.

Plan- og bygningslova legg til grunn ei berekraftig utvikling til beste for den enkelte samfunnet og framtidige generasjonar. Lova skal bidra samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

UTFORDRING

Utfordringa for Kvam herad vert å førebu lokalsamfunnet på verknadane av eit klima i endring – og tilpassa arealbruk og beredskapsarbeid etter oppdatert kunnskap om klimaendringane. Grunnlaget for arbeidet er å finna i Kvam herad sin energi og klimaplan for 2012-2015.

2.9 Kommuneorganisasjonen Kvam - notid og framtid

I Kvam herad sin planstrategi og økonomi- og budsjettplan for perioden 2013 er det peika på ein del (moglegheiter og) utfordringar, som kommunen står framfor dei neste åra.

Kvam herad har vore igjennom eit ekspansivt investeringsbudsjett det siste tiåret og kommunen har via desse investeringane etablert ei høg lånegjeld. Investeringane har også ført til at det er høg kvalitet på ein del skular, barnehagar, idrettsanlegg og institusjonar for eldre. Noko som er eit gode for innbyggjarane i kommunen.

I økonomiplanen vert det peika på at staten sine overføringer til distriktskommunar, er av ein slik karakter at det er uråd å oppretthalde det samme tenestenivået og drive kommunen like godt som før. Dette er ei stor utfordring inn i den neste planperioden, men det gjev oss også moglegheiter til nytenking og nødvendige endringar. Det er alt no peika på ei samlokalisering av fleire tenester og moglegheiter for eit godt tverrfagleg samarbeid.

Nye moglegheiter vil det også å vera finna innafor det frivillige arbeidet, der oppgåvene anten vert delt mellom det frivillige og det offentlege eller det frivillige overtek større delar av det ansvaret som det offentlege sit med i dag.

Utfordringane som kommunen står framfor, gjer også sitt til at me må ha ein meir endringsvillig organisasjon og kultur i kommunen. Teknologiske nyvinningar vil også skapa nye moglegheiter. Teknologi som for nokre år sidan einast vart sett på som ein draum, er no lett tilgjengeleg for svært mange.

Infrastrukturen rundt oss har endra seg med nye vegar og tilhøyrande mogelegheiter og utfordringar. Den demografiske utviklinga i landet har vore meir ekstrem enn det me såg for oss ved tusenår-skiftet. Dei eldre er endå eldre og lever lengre. Det vert stilt nye krav til eldreomsorga. Det vert fødd stadig færre barn, men innvandring er med på å gje vekst i innbyggjartal. Stadig fleire vil bu sentralt i kommunen. Trass i færre barn er presset på barnehageplassar stadig større. Staten

regulerer kommunane gjennom nye lover og forskrifter Ein ny generasjon tilsette er på veg inn i arbeidslivet. Dette stiller nye krav til oss som leiarar. Alt dette og mykje meir er fører til at me må stilla spørsmål ved om me er riktig dimensjonert og organisert for samfunnsoppdraget vårt.

Me skal stå fram som ein framtidsretta og profesjonell organisasjon. Både brukarar og tilsette skal oppleve at me ynskjer å gjera Kvam til ein attraktiv kommune for alle som bur eller ynskjer å bu her.

UTFORDRING

Kvam herad si utfordring dei nærmaste åra vil vera å skaffa nok folk innafor pleie og omsorgssektoren, samstundes som befolkninga vert eldre. Den forventa innvandringa, jf. SSB sine prognosar fram i mot i 2040 kan vera med og retta opp noko av denne mangelen.

Kommunen konkurrerer også med offshoreindustrien når det gjeld arbeidskraft og lønn innanfor tekniske tenester og ingeniørar.

3.0 KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

3.1 Konsekvensutgreiing

Alle forslag til planar, jf. Plan- og bygningslova § 4-3 a, skal ved offentleg ettersyn ha ein planomtale som tek for seg føremål, hovudinnhald og verknader av planen. Kommuneplanen sin arealdel vert alltid omfatta av krav til konsekvensutgreiing. I kommuneplanen skal konsekvensutgreiinga skildre verknader for miljø og samfunn. Dette gjeld for alle nye område for utbygging og der det vert vesentleg endring av arealbruk i eksisterande byggeområde. Oppdatering av reguleringsplanar som vert vedtekne mellom to rulleringar, kjem ikkje inn under kravet til konsekvensutgreiing.

I samfunnsdelen set ikkje plan- og bygningslova krav om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga i arealdelen tek for seg konsekvensane for kvart nytt einskildområde i kommuneplanen, og ei samla vurdering av dei konsekvensane som vert omfatta av alle nye område i planen. Dei samla konsekvensane gjeld nye område (td nye bustadareal) og dei samla påverknadane av t.d. friluftslivet i kommunen. Ei slik vurdering skal få fram summen av arealbruksendringar, og vert vurdert i ein kortfatta prosatekst.

Samanhengande grøntstrukturar skal vera ein viktig del av den samla konsekvensvurderinga, og vidareførast inn i dei einskilde reguleringsplanane.

Konsekvensutgreiinga skal basere seg på eksisterande kunnskap. Kjelde og kvalitet på desse vert kommentert i tabellen nedanfor.

Fylgjande tema vil verta teke inn i konsekvensutgreiinga:

NATUR- OG MILJØRESSURSAR	
Tema	Datakjelder- og datagrunnlag
Ureining-støy (evt i ROS)	www.miljokommune.no
Naturverdiar/biologisk mangfald	www.miljokommune.no
Jord- og skogressursar	Digitalt markslagskart, gardskart
Kulturminne, fornminne-kulturlandskap	www.miljokommune.no
Landskap/grøntstruktur	
Friluftsliv	www.miljokommune.no www.hordalanakseptakseptakseptd.no
(Funksjonell) strandsone	Kartlegging må gjerast

Med den nye nettsida, www.miljokommune.no er data vorte meir tilgjengelege for kvart einskild tema. Dei fleste tema som er kartlagt ned på kommunenivå vil gje god nok kunnskap om arealbruk og arealbruksendringar i høve til konsekvensane på kommuneplannivå.

Innspel som er i samsvar med dei tema som er teke opp i planstrategien og planprogrammet, vil gjennomgå ei todekt siling. Tema som ikke er i samsvar planprogrammet, vil ikke verta konsekvensutgreidd, men avsist. Tema som er i samsvar, vil verta konsekvensutgreidd og vurdert om dei skal vera med i planen, før den vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Dette vil vera avhengig av utfallet i konsekvensutgreiinga.

SAMFUNN	
Tema	Datakjelde-datagrunnlag
Tettstadsutvikling	Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel, mm
Teknisk infrastruktur	Kommunale kart og planar, mm
Transport	Rikspolitiske retningsliner for areal og transport, mm
Kollektivtransport/ gang/sykkelveg	Rikspolitiske retningsliner for areal og transport, mm
Folkehelse	Regionale friluftsområde i Hordaland, Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, mm
Barn og unge	Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, mm
Universell utforming	Universell utforming og planlegging etter plan- og bygningsloven, mm
Næringsliv og sysselsetjing	Statistikk ifrå SSB og Hordaland fylkeskommune, mm
Kommunale tenestetilbod og økonomi	Budsjett- og økonomiplan, mm
Risikosårbarheit ROS-analyse (sjå eige skjema)	

Tema vil i stor grad verta basert på kommunal kunnskap og datakjelder tilgjengeleg i kommunen, td tidlegare kommuneplan.

Konsekvensutgreiinga er basert på ikkje prisgjevne tema.

	Verdivurdering		Konsekvensvurdering
*	Liten verdi	-4	Svært store negative konsekvensar
**	Middels verdi	-3	Store negative konsekvensar
***	Stor verdi	-2	Middels negative konsekvensar
****	Svært stor verdi	-1	Små negative konsekvensar
		0	Ingen konsekvensar
		+1	Små positive konsekvensar
		+2	Middels positive konsekvensar
		+3	Store positive konsekvensar
		+4	Svært store positive konsekvensar

Kvar nytt område i kommuneplanen vert vurdert ut i frå verdien på kvar tema, td «friluftsliv». Konsekvensutgreiing for kvar område med ny arealbruk skal innehalde kart og positive og negative verknader for kvar tema. Konsekvensane skal samanfattast og føre til ei samla vurdering.

3.2 ROS-analyse

Planlegging etter plan- og bygningslova skal også omfatte risiko- og sårbarhetsanalyse, slik at planlegginga unngår å setje liv, helse og materielle verdiar i fare. Analysen skal visa alle tilhøve som kan ha konsekvensar for om arealet er egna til utbyggingsføremål. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast på plankartet med omsynssoner.

Aktuelle tema i ROS-analysen vil verta delt inn i «naturfarar» og «menneskeskapte farar»:

NATURFARAR	MANNESKESKAPTE FARAR
Flaum og erosjon	Handtering av farlege stoff <ul style="list-style-type: none"> – handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksatt stoff – oppbevaring og bruk av eksplosiv vare (lagring av farleg gods) – transport av farleg gods – handtering av strålekjelder
Ekstrem nedbør	Storbrann
Overvatn	Ulukker med transportmiddel <ul style="list-style-type: none"> – jernbane – fly – skipshavari – trafikkulukker
Stormflo (springflo)	Øydelegging av kritisk infrastruktur
Havnivåstigning	Sårbare objekt
Vassinntrenging	Terror og sabotasje
Skred –kvikkleireskred	<ul style="list-style-type: none"> – jord- og flaumskred – snøskred – sørpeskred – steinsprang – fjellskred Ureining (ureina grunn)
Sekundærverknader av skred	<ul style="list-style-type: none"> – flodbrygje – oppdemming Elektromagnetiske felt
Skog- og grasbrann	Manglende tilgjenge for nødetatar
Strek vind –storm/orkan	
Radon	

For å kunne sei noko om det er sannsynleg at ei hending oppstår, er det nødvendig å vurdere årsakene til at hendinga kan oppstå. Vurderingar av kor sannsynleg det er for at ei hending kan

oppstå, kan ta utgangspunkt i historiske data, lokal kunnskap, statistikk med meir. Det vil også vera hendingar som ikkje let seg gradere i høve til kor sannsynleg det er for at noko skal skje.

Neste trinn er å vurdere kva konsekvensar ei eventuell hending kan få for *liv og helse, materielle/økonomiske verdiar, miljø og samfunnsviktige funksjonar*.

Sannsynlegheit	Konsekvensar				
Svært sannsynleg					
Sannsynleg					
Mindre sannsynleg					
Lite sannsynleg					
	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofalt
Konsekvensar					

Figur 6: ROS-matrise

Raudt felt = uakseptabel risiko, tiltak må gjennomførast for å redusere tiltaket ned til grøn eller gul

Gult felt = indikerer risiko som bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko

Grønt felt = akseptabel risiko

Akseptkriteria må ligge til grunn for plassering av fargar i matrisa.

Akseptkriteria må definerast og innarbeidast i samfunnsdelen.

ROS-analysen skal vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga

3.3

Innspel til kommuneplanen - krav til kvalitet

For at innspel og merknader til kommuneplanen sin areal skal vera forståelege og einsarta, og kunne handsamast på ein god og likeverdig måte, vil det verta sett krav til alle innspel gjennom eit skjema. Skjema vil verta utarbeidd undervegs i planarbeidet og gjort elektronisk tilgjengeleg.

Skjema skal ta for seg:

- Namn
- Gnr/bnr
- Noverande arealbruk
- Noverande planstatus
- Skildring av området
- Tilhøve til eksisterande infrastruktur-veg, vatn og kloakk
- Tilgang til gang/sykkelveg/kollektivtilbod
- Avstand til skule og barnehage, ved nye bustadområde
- Tilhøve til natur og kulturminne

4.0 FELLES PLANFØRESETNADER - STRATEGI FOR FRAMTIDIG AREALFORVALTNING

4.1 Strategiar for kommuneplanen sin arealdel

Kvam herad har i sin planstrategi, lagt vekt på tema som skal løysa kommunen sine utfordringar dei komande åra.

SENTERSTRUKTUR

Kvam herad ynskjer å få tydeleggjort sin eigen senterstruktur, og arealforvaltninga rundt tettstadane. Areal og transport skal sjåast i ein samanheng, der eksisterande gang- og sykkelvegsystem skal nyttast slik dei ligg i dag eller utbetra. Utviklinga skal føregå langs med desse aksane. Det skal arbeidast ut i frå tankegangen om universell utforming og tilrettelegging for kollektivtransport.

Kvammapakken har moggjort nye areal på strekkja frå Laupsa til Vikøy. Desse moglegheitene skal leggjast til grunn i arealforvaltninga, og det skal byggjast opp omkring desse med nye område for bustad, privat og offentleg tenesteyting og offentleg kommunikasjon.

I området rundt dei mindre tettstadane, skal det byggjast opp omkring dei samme strukturane, ved å utnytte eksisterande, planlagt eller evt. nye gang/sykkelvegsystem inn i mot kvar einskild tettstad, der busetnader skal etablerast langs desse systema, og bidra til gode løysingar for berekraftig utvikling og tilrettelegging for god folkehelse.

I kommuneplanen sin arealdel (2006) er Norheimsund definert som region- og kommunesenter, Øystese, Strandebarm og Ålvik som lokalsenter, og Tørvikbygd og Omastrand som nærsenter. Strukturen må vurderast i samband med kommuneplanarbeidet.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- areal til bustad nær kommunen sine sentra, skal ha tett utnytting i gangavstand (gangavstand vert vurdert etter storleik på senteret)
- utnytte eksisterande infrastruktur innafor veg, vatn og kloakk
- fortette inn i mot sentra
- ålmenta skal ha tilgjenge til strandsonen
- sikre livskraftige sentra med private og offentlege tenester
- etablering av gode møteplassar for alle aldersgrupper

UTNYTTING AV LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

Kvam herad har ein mangfaldig og langstrakt kommune, der moglegheitene er store for vekst og berekraftig utvikling . For å utnytta naturessursane på kvar einskild bruk til beste for grunneigar og kommunen, er det ynskjeleg at moglegheitene for nye næringar, gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringar skal vera ein premiss i kommunen sitt arealplanarbeid i denne revisjonen. Moglegheitene i ny plan- og bygningslov skal leggjast til grunn.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- eksisterande busetnad i LNF-område skal visa som spreidd busetnad med føresegner som gjer det lettare med påbygg, tilbygg med meir i desse områda
- tradisjonelt landbruk skal ha høg prioritering i område vist som LNF-I
- viktige friluftskorridorar skal visast som LNF-f område

INDUSTRI- OG NÆRINGSAREAL

Kvam herad har pr. dags dato ulik moglegheit for industri- og næringsareal i store delar av kommunen. I Gravdal er det opna opp for utviding ved sagbruket, på Mundheim (jf. Hansvågen) har Fjellstrand moglegheiter for regulering til skipsverft innan 2014. På Oma legg også kommuneplanen sin arealdel opp til utviding rundt eksisterande skipsverft. På Bakka er det godkjent reguleringsplan i frå 1985. I Tørvikbygd er det utvidings-mogelegheiter ved Tørvikbygd auto. I Norheimsund er det godkjent reguleringsplan i frå Sandvenhagen til Mo i frå 2007, området er ikkje ferdig tilrettelagt. I Tolomarka, mellom Øystese og Norheimsund, er det også tilrettelagt for industri- og næringsareral. I Øystese sentrum, legg kommuneplanen i frå 2006, opp til utviding ved Kleppe møbelfabrikk og nye moglegheiter på Evjo. I Ålvik er det godkjent reguleringsplan for industri- og næringsareal både på Skjæret og Auganes (Skjæret-Lilletveit).

Trongen til nye areal vil truleg vera størst i Øystese, når det gjeld industri/næringsreal for arealkrevjande næringar som ikkje treng liggje i eller tett opp i sentrum.

Tema for industri- og næringsareal skal også omfatte moglegheiter for å utvikle område med sand- og steinressursar.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- utnytte eksisterande infrastruktur
- ta omsyn til eksisterande bustadområde
- vurdere utvidingsareal for eksisterande verksemder

FUNKSJONELL STRANDSONE

Kvam herad har i dag ei lang strandline langs med fjorden, som strekkjer seg i frå Kjepso til Gravdal. Arealet er svært verdfullt både for bustad, tettstadsutvikling, næring, fritid, rekreasjon og friluftsliv. Områda skal forvaltas slik at de er mogleg med både vekst og bærekraftig utvikling, i revisjonen av kommuneplanen.

I Fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsone definert som;

"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet".

Ved å kartlegge noverande inngrep og definera funksjonell strandsone er det lettare å skilje mellom område som kan sikrast om område som kan byggjast ut. I område der kommunen vurderer ei anna byggegrense enn 100-metersbeltet, er dette mogleg å fastsetje i overordna plan, eller og som ein del av arbeidet med reguleringsplanar. Denne fastsetjinga kan skje igjennom kartlegging av funksjonell strandsone.

Arbeidet med kartlegging av funksjonell strandsone skal sikre kommunen ei god og balansert forvaltning av strandsona, der både vern og utvikling skal vera grunnlag for dette arbeidet.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- område vist i den funksjonelle strandsonen med mogleigheter for bygging kan nyttast til vidare utbygging, område som kan nyttast til rekreasjon, friluftsliv, med meir skal ikkje nyttast til byggeområde i kommuneplanen.

OMRÅDE FOR AKVAKULTUR

I frå slutten av 1980-talet/byrjinga av 1990-talet har kommunen drive med planlegging i fjorden for å leggja til rette areal for fisk og skaldyr. Lokaliseringa for laks og sjøaure var basert på lune viker, med små anlegg, relativt tett opp i mot land. Noko som og kunne føra til konflikter med både busetnad, rekreasjon og friluftsliv. Anlegga i dag er større, teknologien er endra og økonomien er betra. Samstundes har mange av lokalitetane vorte liggjande i dei samme områda i kommuneplanen, tett opp i mot land.

I planlegginga av sjøområde det mange viktige omsyn som skal vurderast, dette gjeld mellom anna ferdsel og sjøtrafikk. Dette er eit viktig tema som må leggjast til grunn i kommunen si vidare planlegging av akvakulturområde-

Oppdrettsnæringa har og skal fortsatt vera ei viktig næring i fjorden, skal dette vera mogleg, må forvaltninga vera bærekraftig og lokalitetane må tilpassast nye krav til teknologi og volum. Ny plan må leggja til grunn nye krav til lokalisering. Dette bør og omfatta lokalitetar på land og nødvendige areal til kaianlegg, administrasjon med meir.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- fortøyinger av anlegget i sjø
- tidlegare dispensasjonar gjeve i medhald av plan- og bygningslova

GJENNOMGANG AV GAMLE REGULERINGSPLANAR

Gjennomgang av gamle reguleringsplanar, med bustadføremål, viser at det ikkje samsvar mellom storleik på bustadane og utnyttingsgrad. I revisjon av planen må det gjerast eit arbeid for å sjå på kva mogleigheter som finst, for at dei gamle planane tilfredsstiller noverande krav til utnytting. I det

vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, skal det arbeidast med å endra føresegne i planen, slik at det er mogleg få til endra utnytting i eldre reguleringsplanar.

NY VEG TIL TOLOMARKA

Tolomarka er og har vore eit viktig område for bustadbygging i kommunen. Tilgjenge til området har vore diskutert og planlagt ved fleire revisjonar av kommuneplanen. Området kan verta endå meir aktuelt no når festeavtalen for skytebanen går ut i 2013. Ny veg til Tolomarka skal inn i planen, og vert vurdert med utgangspunkt i at den skal vera tilkomst både for bustad, næring og rekreasjon. Tidlegare har det vore sett på løysingar både i frå Norheimsund, Øystese og Skipadalen. Løysingane og trangen til ny veg må vurderast på nytt. Fylkeskommunen som vegeigar må også trekkjast inn i arbeidet.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- trafikksikker løysing for dei som bur med og ferdast langs med vegen
- høg kost/nytte effekt på vegen

HARDANGERTUNNELLEN

Hardangertunnelen skal vera eit viktig bidrag for trafikken som kjem via Jondalstunnelen og ferjestrekka Jondal-Tørvikbygd mot Bergen, samstundes som den også vil vera viktig for trafikken som kjem gjennom Hardanger via Hardangerbrua og dei planlagde tunnelane i Haukanesberget, Lussand og Håfjell.

I planstrategien for Kvam herad er det vist til at Kvam er del av den framtidige bu- og arbeidsmarknadsregionen Bergen og omegn. Tunnel under Kvamskogen vil vera eit viktig tiltak for å gjera regionen lettare og raskare tilgjenge både for folk og næringsliv i Kvam. Kommunen har tidlegare gjort vedtak om at Hardangertunnelen må planleggjast og byggjast som ein viktig del av kommunen sitt strategiske arbeid for å få til vekst og utvikling.

MASSEDEPONI

Det er planlagt tunnelar, kraftverk med meir i den komande planperioden, der det vil verta gjort tilgjengeleg mykje steinmassar. Kvam herad har i denne planperioden gode erfaringar med bruk av massar til samfunnsnyttige prosjekt. Dette må også vera eit mål med kommuneplanarbeidet i komande planperiode.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn

- samfunnsnyttige prosjekt for kommunen

5.0 ORGANISERING

I Kvam herad sitt delegeringsreglement er det heradsstyret som har ansvaret for planprogrammet.

I reglementet for Kvam herad har formannskapet ansvaret for heilskapsplanlegging, dvs kommuneplanarbeidet, medan næring- plan og bygningsutvalet har ansvaret for arealdelen til kommuneplanen.

Når Kvam herad er no går i gang med heile kommuneplanen, både samfunns- og arealdelen, er det difor viktig å få til ei fornuftig og god samhandling i mellom, heradsstyret, formannskapet, og næring- plan og bygningsutvalet.


Plan- og bygningslova legg til grunn følgjande ansvar i høve til medverknad (jf § 5-1);

«Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte».

For å involvere flest mogleg, bør ungdomsrådet verta vitalisert og involvert. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og andre lag og organisasjoner vil også verta nytta aktivt undervegs. Det vil også verta invitert til opne informasjonsmøte i Norheimsund/Øystese, og elles i ulike grender, når planen vert lagt ut på høyring i 2014.

Gruppene som skal ta tak i arbeidet med næringsplan, bustadpolitisk handlingsplan, vert invitert til å delta i arbeidet i lag med prosjektgruppa for både samfunns- og arealdelen.

For å få til ein god dialog med regionale styremakter bør «Planforum i Hordaland», trekkjast tidleg inn i planprosessen og brukast aktivt, det er lagt opp til første møte under offentleg ettersyn av planprogrammet.



Figur 7: Kvam herad si organisering av kommuneplanarbeidet

6.0 FRAMDRIFT

Februar 2013	Februar 2013	Mars-april 2013	Mai/juni 2013	Juni 2013 -April 2014	Mai/aug 2014	Desember 2014
Oppstart av kommuneplan-areal og samfunnsdel						
	Kunngjering av planprogram minimum seks veker					
		Offentleg ettersyn - planprogram				
			Vedtak planprogram			
				Arbeid kommuneplanen		
					Off. ettersyn av areal-og samfunnsdel	
						Endeleg vedtak kommuneplan

Tidspunkt	Innhold
Februar 2013	Vedtak i heradsstyret om kunngjering av planprogram-høyring og off. ettersyn i seks veker Vedtak i heradsstyret om oppstart av kommuneplan Starte arbeidet med skjema for konsekvensutgreiling Starte arbeidet med skjema for innspel til kommuneplanen sin arealdel Starte arbeidet med skjema for ROS-analyse
Mars/april 2013	Møte med planforum i Hordaland Starte arbeidet med nødvendige analysar for kommuneplanen Kunngjere og legge til rette for innspel til kommuneplanen-både samfunnsdel og arealdel
Mai/juni 2013	Gjennomgang av innspel og merknader til planprogrammet Vedtak av planprogram i heradsstyret.
Juni 2013 –mars 2014	Jun. 2013 Kunngjering av vedtatt planprogram og oppmøding om å komme med innspel til kommuneplanen sin samfunns- og arealdel Jun. –Nov 2013. Arbeide med og gjere ferdig analysar til samfunns- og arealdel Sept. 2013. Frist for å komme med merknader til kommuneplanen Okt 2013 – Apr 2014 Møte i styringsgruppa Sept 2013 – Apr 2014. Legge til rette for samråding i mellom kommuneplan- og kommunedelplanar som bustadpolitisk handlingsplan og næringsplan Sept 2013. –Apr 2014. Bearbeide innkomne merknader til kommuneplanen. Gjere ferdig kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel Febr 2014 -Presentasjon i planforum Hordaland
April/mai 2014	April 2014. Skrive ferdig sak til heradsstyret Mai 2014. Politisk handsaming-høyring og offentleg ettersyn
Jun – nov 2014	Jun 2014. Opne folkemøte Aug/sept 2014. Avslutta høyringsfrist etter høyring og offentleg ettersyn Aug-nov 2014. Bearbeide innspel til kommuneplanen
Desember 2014	Endeleg vedtak av kommuneplanen

7.0 TRONG TIL NYE UTGREIINGAR

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

- befolkningsanalyse
- analyse for bustadbygging
- analyse av Kvam sin framtidige bu- og arbeidsmarknadsregion
- nye næringsareral i Kvam-kva type areal og kva næringer skal me satse på i framtida
- definere tettstadar og innhald i Kvam
- definere og identifisere folkehelseutfordringane i kommunen, medrekna konsekvensar og årsaksforhold
- eigen kommadelplan for kompetanse og næringsutvikling
- eigen bustadpolitisk handlingsplan

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

- definere tettstadar og innhald i Kvam
- utgeiing om bærekraftige lokalitetar for laks og sjøaure
- funksjonell strandsone
- gjennomgang av gamle reguleringsplanar
- analyse av ny veg til Tolomarka